

Saksbehandlar: Mats Hoel Johannessen  
Avdeling: Nærings- og kulturavdelinga

Sak nr.: 16/3884-38

Saksbehandlar: Mats Hoel Johannessen, Næringsavdelinga- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/3884-34

## **Klagesaker - INU - FSF midlar sett av til reiseliv 2016**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Klaga frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad over fylkesdirektør for næring og kultur sitt vedtak vert ikkje teken til følge. Saka vert oversendt til klagenemnda.

#### Vedlegg:

Klage frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad  
Førebels svar til Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **Saksframstilling**

### **1. Kort om tilskotsordninga og saksgang ved klage**

INU-FSF er forkorting for «Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Flora og Sogndal». Midlane blir tildelt av Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD) over statsbudsjettet kapittel 551 post 61 (kompensasjonsordninga). Av desse midlane vert ein del sett av til reiselivssatsinga og i 2016 utgjorde dette 1 250 000 kr.

Ein del av midlane sett av til reiselivssatsinga vert lyst ut til infrastrukturtiltak knytt til reiselivet. For 2016 vart det lyst ut 950 000 kroner. Det kom inn 12 søknadar med ein samla søknadssum på om lag 3,2 millionar. Dette viser at det er ein god konkurranse om midlane og på grunn av fleire gode søknadar vert enkelte søknader vurdert som svakare enn andre. Søknadane vart vurdert i samarbeid med programstyret for infrastruktur og vart endeleg handsama av fylkesdirektør for næring og kultur med heimel i administrativt vedtak.

Til saman har fire av søknadane fått tilskot. Av dei som fekk avslag har vi motteke klage frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad. Ved klage på vedtak knytt til midlar sett av til infrastruktur i reiselivet er prosedyren følgjande:

- Klagen skal handsamast på nytt av fylkesdirektøren for næring og kultur ved Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Dersom innstillinga vert endra er saka ferdig og det vert sendt ut tilskotsbrev
- Dersom fylkesdirektør for næring og kultur held på det opprinnelege vedtaket, går saka først til hovudval for næring og kultur
- Dersom hovudvalet stør fylkesdirektøren og klagar vil halde på si klage, går saka til fylkesutvalet som klageorgan. Sakshandsaminga blir då overteken av fylkesrådmannen

### **2. Handsaming av søknaden i nærings- og kulturavdelinga**

#### **Kort om søknaden**

Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad vil i 2017 halde fram arbeidet med infrastruktur- og tilretteleggingstiltak for etablering av fleire opplevingspakkar til pilegrims- og turistmarknaden. Stiftinga var skipa 17. juni i 2015, og føremålet for stiftinga skal vere formidling, forvaltning og forskning knytt til Selja kloster- og helgenanlegg, Selja og Stad, sett i både ein lokal, nasjonal og internasjonal samanheng. Stiftinga skal bidra til å skape gode opplevingar, og utvikle varige verdiar for lokalsamfunn og næringsliv i området. Gjennom samspel med kyrkje, fagmiljø, det offentlege, frivillige, lokalsamfunn og næringsliv, skal ein sikre høg kvalitet, god gjennomføringskraft og varig verdiskaping. Stiftinga fekk i 2015 tilsegn om midlar frå Innovasjon Noreg til eit forprosjekt som gjeld bedriftsnettverk. Forprosjektet var planlagt avslutta hausten 2016, men har vorte utsett til årsskiftet.

## Vurdering og konsekvensar

Fylkesdirektøren meiner at arbeidet som stiftinga gjer på produktutvikling er viktig for å utnytte næringspotensialet både lokalt og regionalt i Selje. Produkta representerer ei viktig og brei del av kulturen for området, og er såleis også ein viktig formidlingsaktør. Søknaden syner til produktutvikling og tilrettelegging, men seier lite om kva prosjektet skal gjennomføre i konkrete tiltak. Gjennom kontakt med prosjektansvarleg på e-post har søkjarar gjort greie det konkrete arbeidet som skal gjerast. Fylkesdirektøren har i samtalar med Innovasjon Noreg blitt informert om at dei har tildelt stiftinga eit tilskot til forprosjekt. Stiftinga har fått utsetjing for sluttrapportering for dette forprosjektet. Dette, saman med at stiftinga står utan dagleg leiar, gjer at fylkesdirektøren meiner det kan bli utfordrande for stiftinga å starte opp nye prosjekt nett no. Det er hard konkurranse i årets tildeling av infrastrukturmidlar og søknaden frå stiftinga når ikkje opp i år.

## Tilråding

Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad får avslag på søknaden.

### **3. Handsaming av klagen ved nærings- og kulturavdelinga**

Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad har påklaga fylkesdirektør for næring og kultur sitt vedtak i brev av 23.10.2016, jfr. Vedlegg 1.

I klagen frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad syner dei til to av tre punkt i grunngjevinga frå fylkesdirektøren. Punkta omhandlar mangelfull rapport og rekneskap, og at stiftinga stod utan dagleg leiar på tidspunktet for vedtaket. Klagar syner og til eit tredje punkt som syner til at det ville vere uheldig og lite tenleg at produktutviklingsarbeidet stoppar midt i prosessen. Ny informasjon gjev ikkje grunnlag for å endre tilråding om å gje søknaden avslag.

I brevet frå Stiftinga går det fram at sjølve klagen består av tre punkt. Det fyrste punktet gjeld opplysningar om tilsett dagleg leiar frå 01.10.2016. I det andre punktet beklagar stiftinga at deira rapport og rekneskap sendt til Innovasjon Norge var mangelfull. Dei opplyser om at rapport og rekneskap vil bli levert snarleg, trass i at fristen er utsett til februar.

Det tredje punktet i klagen er at ei avslutting av prosjektet vil være uheldig for det allereie etablerte prosjektet Produktutvikling i Selje. Stiftinga informerer om at dei er godt i gang med arbeidet, og meiner at det ut frå eit økonomisk og samfunnsmessig perspektiv vil være uheldig og lite tenleg at arbeidet stoppar midt i prosessen. Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad og deira arbeid er godt kjend hjå fylkesdirektøren frå deira samarbeidsavtale og tidlegare søknadar. Avdelinga hadde og eit møte med ein representant frå stiftinga sitt styre i forkant av klaga.

Fylkesdirektøren meiner at arbeidet som stiftinga gjer på produktutvikling er viktig for å utnytte næringspotensialet både lokalt og regionalt i Selje. Produkta representerer ei viktig og brei del av kulturen for området, og er såleis også ein viktig formidlingsaktør. I fylkesdirektøren sin vurdering av søknaden vert det og gjort ei grunngjeving basert på den harde konkurransen i årets tildeling av midlar. Midlane vert prioritert til søknader som fylkesdirektøren vurderte som betre. Klaga frå stiftinga inneheld ikkje opplysningar som endrar fylkesdirektøren sine vurderingar.

### **4. Tilråding til vedtak**

Klaga frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad over fylkesdirektør for næring og kultur sitt vedtak vert ikkje teken til følge. Saka vert oversendt til klagenemnda.